

Protokoll
Styremøte nr. 7/2018
Norges Friidrettsforbund
Torsdag 27. september 17.00–20.00
Oslo Airport Hotel, Gardermoen

Innkalt: Ketil Tømmernes, Kalle Glomsaker, Ragnfrid Margrete Nedberge LLano, Kari Ann Nygård, Geir Nordtømme, Lill Berit Løyte Sjøsåsen, Mathias Vangsnes, Henrik Carstens.

Forfall: Svein Arne Hansen, Anne Farseth

Referent: Narve Heggheim

Fra sentraladministrasjonen: Kjetil Hildeskor, Narve Heggheim, Berit Nøbben og Erlend Slokvik (sak 45,50)

Saksliste for styremøte 7-2018:

- Sak 44/2018 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte
- Sak 45 2018 Presentasjon av ny toppidrettssjef
- Sak 46/2018 Orientering drift v/gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem
- Sak 47/2018 Regnskap og prognose pr september 2018
- Sak 48/2018 Søknad U-23 Bergen 2021
- Sak 49/2018 Søknad European Team Championship 1st div Sandnes
- Sak 50/2018 Nytt ranking system IAAF
- Sak 51/2018 Anleggssituasjonen i Hordaland
- Sak 52/2018 European Games 2019
- Sak 53/2018 Gjennomgang Høstmøte
- Sak 54/2018 Prioritering av internasjonale mesterskap for junior/ungdom

Sak 44/2018 Godkjenning av innkalling og protokoll frå forrige styremøte

**Vedtak: Innkalling og protokoll vart godkjend med følgjande merknad:
Sak vedrørande prioriterte junior/ungdomsmesterskap 2019 vert sett opp som ekstra sak i møtet.**

Sak 45/2018 Presentasjon av ny toppidrettssjef

Ny toppidrettssjef vart presentert, den nye toppidrettssjefen er godt i gang med arbeidet og i gang med planlegging av kommande sesong.

Sak 46/2018 Orientering drift v/gensek og orientering frå kvart enkelt styremedlem

Det enkelte styremedlem og administrasjonen orienterte om aktuelle saker innafor sitt arbeidsområde.

Sak 47/2018 Regnskap og prognose pr september 2018

Rekneskap og prognose pr. 15.09.2018 vart presentert. Prognose anslår positivt årsresultat på kr 500.000,- mot eit budsjettert årsresultat i balanse.

Vedtak: Orientering og prognose vart teken til etterretning.

Sak 48/2018 Søknad U-23 Bergen 2021

Søknad med organisasjonskart, budsjett, risikoanalyse og utkast til avtale med Bergensalliansen vart presentert. Risiko og sannsynlegheit for underskudd og eventuell inndekking av dette vart presentert og drøfta. Forsikringsdekning ved eventuelt underskudd må avklarast og sikrast.

Vedtak: Styret i Norges Friidrettsforbund fekk framlagt søknad, planer, risikovurderingar og budsjett for U23 EM i Bergen 2021. Mesterskapet vil være ein stor inspirasjon til dagens 17-19 åringar og forebygge fråfall i Norsk friidrett. Det blei lagt fram eit «worst case scenario» med 2 MNOK i underskudd. NFIF dekkar eit eventuelt underskudd. Styret vurderer den finansielle risikoen til å være handterbar. Basert på den informasjon styret har mottatt på styremøte 27.09 stemmer styret for å støtte arrangementet. Styret i Norges Friidrettsforbund forutset finansiell og organisatorisk støtte fra Bergen kommune og Hordaland Fylkeskommune som beskrevet i vedtak fra behandling av saka i Bergen Bystyre 25. april 2018.

Sak 49/2018 Søknad European Team Championship 1st div Sandnes

Sandnes vurderte tidlegare å søke mesterskapet men manglande støtte frå kommune gjorde at dette ikkje vart vidareført med endeleg søknad. Det føreligg no støtte frå Sandnes Kommune og ny søknad er utarbeidd og tildeling vil bli gjort av EA i løpet av kort tid. NFIF må gje ein underskuddsgaranti på inntil kr 250.000,-. Reduserte kostnader på deltaking ved å ha mesterskapet på heimebane er stipulert til kr 50.000,-

Vedtak: NFIF søker om å arrangere ETC First League 2019 i Sandnes. NFIF gir ein underskotsgaranti på opptil kr 250.000,-. Det er ein føresetnad at NFIF er representert i styringsgruppe/hovedkomitè og får tilgang på all informasjon om økonomiske disponeringar, samt innflytelse på disponering av utgifter.

Sak 50/2018 Nytt ranking system IAAF

IAAF har innført eit nytt rankingbasert system for kvalifisering til mesterskap. Styret vart orientert om hovedtrekka i ordninga og konsekvensar for dei aktive mht å sikre poeng for å kvalifisere seg for mesterskap. Det er viktig at det blir arrangert stevne i Norge som er søkt inn på EA si terminliste. Desse i tillegg til nordiske og nasjonale mesterskap gir relativt god uttelling i form av rankingpoeng for dei aktive.

Sak 51/2018 Anleggssituasjonen i Hordaland

NFIF har mottatt rapportar som varslar om forfall og hyppig bruksendring av friidrettsanlegg i Hordaland.

Vedtak: Anleggsutvalget i NFIF skal saman med HFIK opprette ei arbeidsgruppe som skal forebygge og redusere forfall og bruksendring av friidrettsanlegg i Hordaland

Sak 52/2018 European Games 2019

European Games er nytt konsept som går første gang i Minsk i 2019 og er eit olympisk konsept for Europa. Olympiatoppen er ansvarleg for uttak og har signalisert at det ikkje blir tatt ut friidrettsutøvarar fra Norge.

Vedtak: NFIF tar til etterretning at Olympiatoppen ikkje vil ta ut norske utøvarar til European Games 2019.

Sak 53/2018 Gjennomgang Høstmøte.

Styret og administrasjon gjekk igjennom køyreplan og fordelte oppgåver ved avviklinga av årets høstmøte.

Sak 54/2018 Prioritering av internasjonale meisterskap for junior/ungdom

Prioritering av internasjonale mesterskap for ungdom vart drøfta. Universiaden gir god uttelling på rankingpoeng og det bør vurderast å prioritere dette mesterskapet.

Vedtak: Styret gjer prioritering av meisterskap for junior/ungdom 2019 i forbindelse med endeleg vedtak av budsjett for 2019. Det er viktig å prioritere meisterskap som gjev mest rankingpoeng for utøvarane.

Møtet slutt 20.00